

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 13.05.2014

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«Endring pkt. 8

Ny innleiing: Området rundt og sør for inntaket ved Krokavatnet er klassifisert både som sårbart fjellområde av stor verdi og inngrepsfritt naturområde av stor verd, samt at grensar mot ein del av Åkrafjordområdet som er karakterisert som fjordlandskap av stor verdi og bør difor ikkje berørast av utbyggingsplanane.

Og legge inn i slutten av siste setning: om det vert gjeven konsesjon for desse bekkeinntaka. »

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 – 7 og pkt. 9 – 11 vart samrøystes vedteke.

Tomren sitt forslag vart vedteke med 10 røyster mot 3 røyster (A).

Innstilling

1. Oversiktskart som syner eksisterande kraftverk i området og område med særskilt vern skal vera del av søknaden.
2. Kart med innteikna kraftverk, inntak, vassveg, tilkomstveggar, anleggsveggar, kraftliner, tippar og andre arealinngrep som er naudsynte for å gjennomføra utbygginga, skal vera del av søknaden.
3. Konsesjonssøknaden må ha særleg grundig omtale av verneverdiar og verknader for desse.
4. I område der utbygging kan føra med seg skade på natur- og artstypar av stor verdi eller område med potensiale for slike, skal det kartleggjast. Aurebestanden i Vetrhusvatna skal ha særleg høg prioritet.
5. Grundig kartlegging og vurdering av konsekvensar for landskap og friluftsliv må vera del av utgreiinga. Fjellområdet mellom Blådalen og Åkrafjorden skal ha særleg høg prioritet.
6. Avbøtande tiltak i høve til fisk, landskap og friluftsliv skal vurderast.
7. Konsesjonssøknad skal innehalda fotoillustrasjon som viser nærverknad og fjernverknad av inngrep med varierende vassføring.
8. Området rundt og sør for inntaket ved Krokavatnet er klassifisert både som sårbart fjellområde av stor verdi og inngrepsfritt naturområde av stor verd, samt at grensar mot ein del av Åkrafjordområdet som er karakterisert som fjordlandskap av stor verdi og bør difor ikkje berørast av utbyggingsplanane. Bekkeinntak ved Krokavatn må primært trekkjast ut av planen; sekundært må det stillast krav om minstevassføring i bekken. Frå bekkeinntaka frå Verahaugen og Kvanngårdhorga må det stillast krav om minstevassføring om det vert gjeven konsesjon for desse bekkeinntaka.
9. Det skal leggjast kraftkabel frå Fjellhaugen kraftverk gjennom tilkomsttunnel og vidare i grøft til koplingsanlegget ved Blåfalli III slik hovudalternativet skisserer.
10. Som del av søknadsprosessen må fylkeskommunen som kulturminnestyresmakt kontaktast for oppfylling av undersøkingsplikta etter kulturminnelova.
11. Som del av planprosessen må planstatus i høve til kommuneplan avklarast.